



LESJA KOMMUNE - KONTROLLUTVALGET

MØTEBOK - PROTOKOLL

| Utvalg/styre råd: | Møtedato: | Innkalling av: | Møtested: |
|-------------------|----------------|----------------|------------------|
| Kontrollutvalget | 28. april 2020 | 23. april 2020 | Lesja kommunehus |

Til stede på møtet:

Av i alt 5 medlemmar var 5 til stades.


Revisor Anne Hesthagen
Økonomisjef Øyvind Engen


Møtet varte fra kl. 10:00 til kl. 14:00


Underskrifter:


Vi bekrefter med våre underskrifter at det som er ført på sak nr. 06-11/20 er i samsvar med møtevedtaka.


Anders Norderhus


Anne Cathrine Enstad


Oddvar Romundset


Kari Kjøde Enger


Dag Enebo

Utskrifter:

Protokoll fra kontrollutvalgets møte går til:

- Medlemmene og varamedlemmene av kontrollutvalget.
- Lesja kommune, rådmannen og ordføreren i Lesja.
- Innlandet Revisjon IKS
- Presse



LESJA KOMMUNE KONTROLLUTVALGET

MØTEBOK

| | | |
|--------------------------|-----------------------------|--------------------|
| Kontrollutvalget i Lesja | Møtedato: 28. april 2020 | Saksnr: 06/2020 |
| | Saksbehandler: | Morten Sørhage |

LESJA KOMMUNES ÅRSREGNSKAP OG ÅRSMELDING FOR 2019

Vedlegg:

- Årsmelding 2019 (eigen sending)
- Revisjonsberetning for kommunerekneskapen 2019
- Saksframlegg om regnskapet for 2019

Saksframlegg:

Etter § 7 (§ 3 i ny forskrift) skal kontrolluvalget gi uttale til kommunens årsrekneskap.

Rekneskapen for 2019 er avslutta med eit netto driftsresultat på kr. 8,7 mill, dette utgjør 3,6 % av driftsinntektene.

Brutto driftsresultat (driftsinntekter minus driftsutgifter) utgjør kr.392 000. I 2018 var dette negativt med 6,3 mill.

Det rekneskapsmessige meirforbruket utgjør kr. 671 000.

Arbeidskapitalen har vorte redusert med kr 1,8 mill. og er på totalt kr. 45,3 mill. Korrigert for premieavvik utgjør den 15 mill.

Frå balanserekneskapen ser ein at gjennomførde investeringar aukar lånegjelda.

Kommunedirektøren har denne innstillinga til disposisjon av rekneskapen:

- 1) Årsberetning, regnskap og revisjonsberetning 2019 godkjennes
- 2) Årets rekneskapsmessige mindreforbruk i driftsregnskapet, kr 671 169, foreslås avsatt til disposisjonsfond
- 3) Årets udekket finansiering i investeringsregnskapet, kr 1 950 039, foreslås finansiert med inntekt fra salg av tomteområde i 2020
- 4) Budsjett 2020 reguleres tilsvarende.
- 5) Årsrapporten for 2019 tas til orientering.

Revisor har gått gjennom rekneskapen i samsvar med gjeldande reglar og meiner at framstillinga er i samsvar med lov, forskrift og god rekneskapsskikk. I det alt vesentlege dekkjer framstillinga den finansielle stillinga.

På bakgrunn av denne informasjonen har sekretariatet dette **forslaget til uttale** frå kontrollutvalet:

Til kommunestyret i Lesja kommune

Lesja kontrollutvalg sin uttale om Lesja kommunes årsrekneskap for 2019

Kontrollutvalget har i møte den 28. april 2020 i sak 067/20 handsama Lesja kommunes årsrekneskap for 2019. Handsaminga er på grunnlag av årsrekneskapen, revisjonsmeldinga, kommunedirektørens årsmelding og forslag til disposisjon. I tillegg har revisor og økonomisjef i møte supplert kontrollutvalet med munnleg informasjon om årsrekneskapen.

Kontrollutvalet merkar seg at driftsresultat og disposisjonsfond er i tråd med målsettingar og anbefalinger, mens netto lånegjeld er godt over målsettinga.

Utover tilhøva i saksutgreiinga og denne sakshandsaminga har ikkje kontrollutvalet fleire merknader til Lesja kommunes årsrekneskap for 2019.

Handsaming:

Økonomisjef Øyvind Engen orienterte om årsrekneskap og årsmelding med forklarande bakgrunnsstoff.

Kontrollutvalet stilte spørsmål om rekneskapsutforming og tilhøve i rekneskapen.

Revisor Anne Hesthagen orienterte og svara på spørsmål om revisjonsarbeidet med utgangspunkt i revisjonsstrategi og lovbestemte oppgaver.

Kontrollutvalet hadde ingen merknad til forslag til uttale.

Uttale til årsrekneskapen:

Til kommunestyret i Lesja kommune

Lesja kontrollutvalg sin uttale om Lesja kommunes årsrekneskap for 2019

Kontrollutvalget har i møte den 28. april 2020 i sak 067/20 handsama Lesja kommunes årsrekneskap for 2019. Handsaminga er på grunnlag av årsrekneskapen, revisjonsmeldinga, kommunedirektørens årsmelding og forslag til disposisjon. I tillegg har revisor og økonomisjef i møte supplert kontrollutvalet med munnleg informasjon om årsrekneskapen.

Kontrollutvalet merkar seg at driftsresultat og disposisjonsfond er i tråd med målsettingar og anbefalinger, mens netto lånegjeld er godt over målsettinga.

Utover tilhøva i saksutgreiinga og denne sakshandsaminga har ikkje kontrollutvalet fleire merknader til Lesja kommunes årsrekneskap for 2019.

Samrøystes



LESJA KOMMUNE – KONTROLLUTVALGET

MØTEBOK

| | | |
|---------------------------------|--------------------------------------|-------------------------|
| Kontrollutvalget i Lesja | Møtedato: 28. april 2020 | Saksnr: 07/20 |
| | Saksbehandler: Morten Sørhage | |

Vedlegg:

- Kontrollrapport fra Skatteetaten for 2019 vedr. skatteoppkreverfunksjonen i Lesja kommune
- Årsrapport 2019 fra Skatteoppkrever (eigen sending)
- Årsmelding fra Arbeidsgjevarkontrollen i Nord-Gudbrandsdal (eigen sending)

KONTROLLRAPPORT 2019 VEDR. SKATTEOPPKREVERFUNKSJONEN I LESJA KOMMUNE

Saksutredning:

Skattekontoret har ansvaret for å avklare om skatteoppkreverfunksjonen i kommunen blir utøvd tilfredsstillende i henhold til gjeldende regelverk på områdene:

- Intern kontroll
- Regnskapsføring, rapportering og avleggelse av skatteregnskapet
- Skatte- og avgiftsinnkreving
- Arbeidsgiverkontroll

Riksrevisjonen har ansvaret for revisjonen av skatteoppkreverfunksjonen i kommunene mens Skatteetaten utfører kontrollen. Rapporten konkluderer med at skatteoppkreverfunksjonen i det alt vesentlige er i samsvar med gjeldende regelverk.

Arbeidsgiverkontrollen utføres av AKNG, som er et samarbeid i Nord-Gudbrandsdalen. Funksjonen ligger administrativt under skatteoppkreveren i Ottadalen. For Lesja er kontrollnivået 6,3% av arbeidsgjevarane. For regionen er resultatet 5,2 %, medan kravet er at 5 % av arbeidsgiverne skal kontrolleres.

Forslag til vedtak:

Kontrollutvalget tar rapporten om skatteoppkreverfunksjonen i Lesja kommune for 2019 til orientering.

Handsaming:

Kontrollutvalet hadde ingen kommentar til rapporten.

Vedtak:

Kontrollutvalget tar rapporten om skatteoppkreverfunksjonen i Lesja kommune for 2019 til orientering.



LESJA KOMMUNE KONTROLLUTVALGET

MØTEBOK

| | | |
|---------------------------------|------------------------------------|-------------------------|
| Kontrollutvalget i Lesja | Møtedato: 28. april 2020 | Saksnr: 08/20 |
| | Saksbehandler: | Morten Sørhage |

Vedlegg:

Avregning total ressursbruk 2019

Årsrapport 2019

INNLANDET REVISJON IKS – ÅRSRAPPORT OG AVREGNING 2019

Oppdragsavtalen med Innlandet Revisjon IKS vart handsama i sak nr. 15/2018, 16. oktober 2018. Denne gjev grunnlag for fakturering gjennom året. Etter avtalen skal tenesten avreknast etter reelt ressursbruk.

Avrekninga syner mindreforbruk andsynes oppdragsavtalen. Differansen for tenesteyting utgjer

kr. 183 450. Når det er teke omsyn til tilleggsinnbetaling til pensjonsfond, utgjer mellomrekninga

kr. 147 450.

Forslag til vedtak:

Kontrollutvalet tek avrekning og årsrapport 2019 frå Innlandet Revisjon IKS til orientering.

Handsaming:

Kontrollutvalet hadde ingen kommentar til saka.

Vedtak:

Kontrollutvalet tek avrekning og årsrapport 2019 frå Innlandet Revisjon IKS til orientering.



LESJA KOMMUNE - KONTROLLUTVALGGET

MØTEBOK

| | | |
|---------------------------------|--------------------------------------|-------------------------|
| Kontrollutvalget i Lesja | Møtedato: 28. april 2020 | Saksnr: 09/20 |
| | Saksbehandler: Morten Sørhage | |

Saksdokument:

- Revisors vurdering av uavhengighet for 2020
 - o Oppdragsansvarlege forvaltningsrevisorar

VURDERING AV REVISORS UAVHENGIGHET

Kontrollutvalet har oppgaver med regnskapsrevisjon etter Kommuneloven § 23 -2 og Kontriollutvalgsforskriftens kapittel 3. Kontrollutvalet har ansvar for å sjå til at regnskapa blir reviderte på ein forsvarleg måte. Dette er knytta til fleire tilhøve:

- At revisjonen skjer i samsvar med lover, reglar og god kommunal revisjonsskikk
- At revisor er uavhengig og oppfyller kvalifikasjonskrav
- At revisjonen følgjer eventuelle avtalar som revisor og kontrollutvalet har inngått

Kontrollutvalet fyller sitt ansvar for å sjå til at revisjonen blir utført på ein forsvarleg måte ved å gjennomføre aktiviteter knytte til oppfølging av revisjonen. Dette kan mellom anna omfatte revisor si uavhengigerklæring.

Sekretæren har vurdert revisorane si erklæring om uavhengigheit for 2020 og har ingen merknader til denne.

Forslag til vedtak:

Kontrollutvalet tek revisor si erklæring om uavhengigheit til orientering.

Handsaming:

Kontrollutvalet hadde ingen kommentar til erklæringa.

Vedtak:

Kontrollutvalet tek revisor si erklæring om uavhengigheit til orientering.



LESJA KOMMUNE KONTROLLUTVALGET

MØTEBOK

| | | |
|---------------------------------|------------------------------------|---------------------------|
| Kontrollutvalget i Lesja | Møtedato: 28. april 2020 | Saksnr: 10/2020 |
| | Saksbehandler: | Morten Sørhage |

Vedlegg :

Selskapskontroll "Ansettelser ved Nord-Gudbrandsdal Regionkontor" (egen forsendelse)
Sak nr. 32/2019 Vågå kontrollutval / Sak nr. 09/2020 Vågå kommunestyre

SELSKAPSKONTROLL OM TILSETTINGAR VED NORD-GUDBRANDSDAL REGIONKONTOR

For sjølve saksutgreiinga, er vedlagt handsaminga i Vågå kommune. For ein kort oppsummering, vart saka varsla til sekretariatet. Varslinga stilte spørsmål ved tilsetting av dagleg leiar og prosjektleiar ved regionkontoret. Nord-Gudbrandsdal regionråd er eigen juridisk eining med dei seks Norddalskommunane som eigarar. Grunna tilknytning bestilte Vågå kommune ei utgreiing av tilhøva. Denne bestillinga er seinare orientert i dei fem andre kontrollutvala. Samtlege har fatta vedtak om kostnadsfordeling med utarbeiding av rapporten.

Vågå kontrollutval gjorde vedtak/innstilling til kommunestyret med anbefalingar og forslag til forbetringar i rutineane ved regionkontoret, samt eit punkt om tilhøva til varslarar. I kommunestyrehandsaminga vart desse forslaga nedstemt, slik at kommunestyrevedtaket vart i samsvar med sekretariatets innstilling.

Vurdering:

Sekretær står fast på opprinneleg innstilling. Den sentrale problemstillinga i saka er dei rettslege høva om habilitet. Vurderinga er om dei involverte personane har handla innanfor gjeldande lovverk. Rapporten konkluderer med at aktørane har vore habile i avgjerslene dei har teke. Ein uavhengig, objektiv rapport er da lagt til grunn og klarlagt dei faktiske tilhøva.

Saka er handsama av Vågå kommunestyre. Da regionkontoret er eigd av kommunane som sjølvstendige einingar, meiner sekretær det er mest korrekt at kontrollutvalet sender saka til kommunestyret til ordinær handsaming.

Forslag til vedtak/innstilling til kommunestyret:

Kommunestyret tek rapporten "Ansettelser i Nord-Gudbrandsdal Regionråd" til etterretning og ser saka som avslutta.

Handsaming:

Sekretær gjekk gjennom prosessen i saka. Kontrollutvalet drøfta etiske retningslinjer blant folkevalde. Sluttar seg til at saka vart teke opp og avslutta.

Innstilling til kommunestyret:

Kommunestyret tek rapporten "Ansettelse i Nord-Gudbrandsdal Regionråd" til etterretning og ser saka som avslutta.



LESJA KOMMUNE KONTROLLUTVALGET

MØTEBOK

| | | |
|---------------------------------|------------------------------------|---------------------------|
| Kontrollutvalget i Lesja | Møtedato: 28. april 2020 | Saksnr: 11/2020 |
| | Saksbehandler: | |

ARBEIDSMØTE

Kontrollutvalet drøftar aktuelle saker for vidare handsaming. Kontrollutvalsleiar har teke utgangspunkt i fylgjande:

- Rapport frå Mattilsynet om vassforsyningar
- Klimaplanen for Lesja
- Investeringsbudsjett 2019
- Forvaltningsrevisjonsrapport "Selvkost og oppfølging av vedlikehold/investeringsbehov" – oppfølging av anbefalingar
- Brukarundersøkelser av eldre innbyggjarar
- Arbeidstakerundersøkelser

Forslag til møtedatoar hausten 2020:

23. september

3. desember

Handsaming:

Kontrollutvalet drøfta dei spesifikke sakene for oppfølging.

Sekretær går gjennom sakene med kommunaldirektør og innhentar nødvendige attendemeldingar og avtalar orienteringar frå administrasjonen i kontrollutvalet.

Kontrollutvalet presiserer at dei ynskjer oversikt/orientering om kostnader ang. prosjekt 0249 Lesjaskog-Bjorli. Ynskjer også en meir utfyllande oversikt over når dette vart satt i gang og når kontraktar vart inngått og fakturaene kom.

Posten vart budsjettregulert frå 1 000 000 til 7 870 000 i kommunestyret den 7/11-19. På same møte vart tertialrapporten gjennomgått. Den viser at den samme investeringen hadde kostnadsført 6 654 839 altså 665% av det som var budsjettert .

Utover dette ynskjer kontrollutvalet orienteringar om:

- Oppfølgingsrutiner ved større anleggsprosjekt
- GDPR – orientering om rutiner og datasikring

I tillegg til forslaget om møteaktivitet, ynskjer kontrollutvalet eit møte for sommerferien med gjennomgang av arbeidet med risiko- og vesentlegheitsvurderingar.

Vedtak:

Møtedatoar ut 2020:

3. juni

23. september

3. desember